

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Blix Hotell, Vik
Dato: 22.02.2017
Tidspunkt: 10:30 – 14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Karen Marie Hjølmeseter	Medlem	SFFK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frode Merkesvik	MEDL	HØY
Inger Ulvund	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Brekke	Frode Merkesvik	HØY

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Forvaltar/sekretær

Andre:

Karen Weichert Rådgyvar Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll

Liv-Anne Aanesen

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/17	Prosjektplan for besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde		2017/559
ST 4/17	Stølsheimen verneområdestyre – fordeling av tiltaksmidler 2017		2016/4040
RS 1/17	Stølsheimen landskapsvernområde – høring på forslag om oppheving av vannscooterforskriften		2016/4629
DS 1/17	Søknad om bruk av snøskuter på evakueringsrute frå rv13 – Vikafjellet		2013/447

RS 1/17 Høring på forslag om oppheving av vannscooterforskriften

Stølsheimen verneområdestyre gjev fylgjande uttale til høringa:

Vasskuter er med og aukar støy frå motorisert ferdsel. Dette køyretøyet er i hovudsak til bruk i leik, og i liten grad til nyttetransport. Oppheving av forskrifta som er gjeldande i dag, vil truleg føra til auka aktivitet, og større trong for kontroll. Kvar kommune må vurdere forskrift for eigne farvatn, og dette kan føra til stor skilnad mellom kommunar. I Stølsheimen landskapsvernområde er Finna fjorden med i verneområdet. Oppheving av vasskuterforskrifta vil kunne føra til ei uheldig utvikling av motorferdsel og støy i dei tronge fjordane. Med dagens lovverk, må vasskuter køyra sakte i det meste av fjorden innafor verneområdet, noko som truleg medfører mindre interesse for bruk av vasskuter i dette området. På denne bakgrunn meiner Stølsheimen verneområdestyre at dagens forskrift om vasskuter ikkje bør opphevast.

Møteplan for Stølsheimen verneområdestyre i 2017

Onsdag 19.april	Styremøte
Fredag 9. juni	Styremøte
19. og 20. september	Styremøte med synfaring
Onsdag 29. november	Styremøte, bestillingsdialogmøte med SNO

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	3/17	22.02.2017

Prosjektplan for besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 22.02.2017

Handsaming i møte

Prosjektplanen for besøksstrategien vart diskutert i møte. Det er viktig å få til godt samarbeid med kommunane og fylkeskommunane for å samordne planarbeid som har verknad på besøk i verneområdet. Buførevegane frå fjorden til fjellstølane må kartleggjast og synleggjerast. Stiane og vardane bør restaurerast. Kulturminna i Stølsheimen vil gje auka oppleving for alle som brukar området.

Styret meiner det bør vera godt samarbeid med reiselivet og andre brukargrupper som ynskjer meir bruk av verneområde, både gjennom ferdsel til fots, på ski og på sykkel. Betre tilrettelegging kan vera med å styra ferdsel til område som ikkje er i konflikt med verneverdiane.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre vedtek oppstart av arbeid med besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, og legg Prosjektplan for besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde datert 22.02.2017 til grunn for arbeidet.

Stølsheimen verneområdestyre er styringsgruppe for prosjektplanen og besøksstrategien.

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre vedtek oppstart av arbeid med besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde, og legg Prosjektplan for besøksstrategi for Stølsheimen landskapsvernområde datert 22.02.2017 til grunn for arbeidet.

Stølsheimen verneområdestyre er styringsgruppe for prosjektplanen og besøksstrategien.

Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, Miljødirektoratet M-415/2015
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, Rapport nr. 3 – 1998
- Framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2016

Klima- og miljødepartementet har sett som krav at alle verneområde i Norge skal ha utarbeid besøksstrategi for område innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeid ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal verta størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

I fylgje vedtektene til verneområdestyret, skal styret utarbeida besøksstrategi for verneområda som del av forvaltningsplanen, eller som vedlegg til forvaltningsplanen.

I fylgje rettleiaren om besøksforvaltning, skal verneområdestyret gjera vedtak om oppstart av arbeid med besøksstrategi og utarbeida ein prosjektplan i startfasen av arbeidet.



Frå rettleiaren; *Flyttdiagram som viser viktige deler av arbeidet med besøksforvaltning.*

Vurdering

Forvaltningsplanen for Stølsheimen er eit viktig grunnlagsdokument i arbeidet med besøksstrategien. Planen frå 1998 er revidert og ligg til godkjenning i Miljødirektoratet. I den reviderte planen er det sagt at det skal lagast ein besøksstrategi som temaplan til forvaltningsplanen.

Det fyrste som må gjerast i arbeidet med besøksstrategi, er å få ein oversikt over tilgjengeleg kunnskap om natur- og kulturverdiane i området. Føremålet med vern av Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerka natur- og kulturlandskap. Det er difor viktig å ha god kunnskap om desse verdiane når det skal vurderast å leggja til rette for auka bruk av områda. Stølsheimen er eit viktig leveområde for villreinen, og omsyn til villreinen vil vera viktig å vektleggja i besøksstrategien.

Vidare må alle brukargruppene i området kartleggjast. Det er avgjerande å få til eit godt samarbeid med dei ulike brukargruppene for å laga ein god besøksstrategi for området. Stølsheimen vert fortsatt nytta til beiteområde, og det vil vera viktig å ha ein god dialog med

gardbrukarar i området for å styre ferdsel i området slik at det ikkje er til ulempe for beitebruken. Turgåarar er ei stor og viktig brukargruppe i Stølsheimen. Turlaga har merka turruter, og grunneigarar har merka nokon ferdselsveggar. Frå reiselivsnæringa har det kome spørsmål om å merka nye turruter og stiar for sykling. I besøksstrategien må det vurderast kva område som kan opnast opp for auka ferdsel, og om det er område som er sårbare for ferdsel. Det bør også vurderast om det er nokon område som ikkje skal ha tilrettelegging, men ha opplevingsverdi som urørt naturområde. Dette er viktige avvegingar i strategien når målet er å auka besøket, gje auka lokal verdiskaping, og samtidig ta vare på verneverdiane. I rettleiaren for besøksforvaltning (M-415 2015) er det sett ned viktige prinsipp i arbeidet med besøksstrategien; Dersom det er motstridane målsetjingar mellom ivaretaking av verneverdiane, tilrettelegging for dei besøkjande og lokal verdiskaping, skal det leggjast størst vekt på verneverdiane.

For å få ein god besøksforvaltning, må verneområda sjåast i samanheng med områda rundt verneområda. Det er difor viktig med godt samarbeid med forvaltningsmyndigheitene utanfor verneområda, og med organisasjonar og næringsliv som brukar område. I prosjektplanen er det skissert samarbeid med brukargrupper gjennom bygdamøte, og temamøte med organisasjonar og næringsliv.

Utkast til prosjektplan som ligg som vedlegg til saka, set mål for arbeidet med besøksstrategien, framdriftsplan, tiltaksplan og budsjett for arbeidet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/17	22.02.2017

Stølsheimen verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2017

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 22.02.2017

Handsaming i møte

Tildeling av midlar til Stølsheimen verneområdestyre vart lagt fram i møte. Miljødirektoratet har tildelt kr. 160 000 til drift av styret, kr. 80 000 til forvaltningsplan/besøksstrategi, og kr. 300 000 i tiltaksmidler. Tiltaksmidlane kan ikkje nyttast til «Tiltak i innfallsport i Ornevik». I brev frå Miljødirektoratet er det opplyst at besøksstrategien må vera godkjent før dette tiltaket kan vurderast.

Styret fordeler tiltaksmidlane på tiltak som er godkjent for tiltaksmidler etter prioritert rekkefylgje i tiltaksplan for 2017. Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela midlane mellom prioriterte tiltak innan for ramma på kr. 300 000.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkefylgje. Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for ramma på kr. 300 000 i tiltaksmidler.

Tiltak 2017	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Sylvarnesdalen, Rosete, Fossesete, Finnafjorden	Prosjektleiar/grunneigar/S NO	120 000	1
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane Nese – Rosete	Prosjektleiar/grunneigar/S NO	100 000	2
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	3
Ny bru over Dårlegelva	Bergen og Hordaland turlag	20 000	4
Oppstartkostnad ved restaurering av bygningar som er ein viktig del av kulturlandskapet	Grunneigarar	50 000	5
Sum tiltaksmidler		300 000	

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Mildar til forvaltning av verneområde 2017. Tildelingsbrev frå Miljødirektoratet (lagt fram i møte)
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 3 1998
- Tiltaksplan i framlegg til revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1 - 2016

Miljødirektoratet tildeler midlar til drift av verneområdestyret og tiltaksmidlar til planlagde tiltak i 2017. Tildelingsbrev vert lagt fram i møte.

Styret søkte Miljødirektoratet om kr. 348 000 i tiltaksmidlar. Kr. 50 000 til kunnskapsinnhenting i samband med besøksstrategi er lagt inn i budsjettet for drift av styret Stølsheimen verneområdestyre la fram fylgjande tiltaksplan for 2017 i sak 17/16, 30.11.2016:

Tiltak 2017	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Skjøtsel av prioriterte stølar Negardstølen, Rotteskaret, Smørklepp, Sylvarnesdalen, Rosete, Fossesete, Finnafjorden	Prosjektlear/grunneigar/S NO	120 000	1
Skjøtsel og utbetring av stølsvegar: Fossesete – Vatnane Nese – Rosete	Prosjektlear/grunneigar/S NO	100 000	2
Restaurering og nye vardar på stølsvegar, tradisjonelle vardar for stølsvegar	Grunneigarar	25 000	3
Ny bru over Dårlegelva	Bergen og Hordaland turlag	20 000	4
Oppstartkostnad ved restaurering av bygningar som er ein viktig del av kulturlandskapet	Grunneigarar	50 000	5
Tiltak i innfallsport Ortnevik m/toalett. Fellesprosjekt med grendalag og andre	Ortnevik grendalag	33 000	6
Kunnskapsinnhenting, oppstart besøksstrategi	SNO	50 000	7
SUM		398 000	

Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltak i tråd med prioritert rekkefylgje av tiltaka i sak 17/16 i Stølsheimen verneområdestyre..

Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra 2017, 2018 og 2019. Avtalen var inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektlear for tiltaka og organiserer skjøtelsarbeidet i tråd med prioritering i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtelsarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, vert det endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innafor budsjetttramma.